



Det Kgl. Kommunal og reg.dep.
Postboks 8112 Dep.

0032 OSLO

Vår ref.:
06/10481

Saksbeh.:
RF

Ark.:
011

Dykkar ref.:

Dato:
10.08.2006

FORSLAG TIL ENDRINGAR I VALLOVA - UTTALE FRÅ SULA KOMMUNE

Leiaren og sekretæren for valstyret vil på vegner av Sula kommune gi uttale til forslaga om endring av vallova.

A2, 3, 5: Ingen merknad til desse punkta.

A1: Valkort til alle veljarar innanriks.

I høyringsnotatet er kostnaden ved utsending av valkort anslått til kr 27 mill. pr. val. Dersom valkort medførte at dei 3 778 stemmegivingane som vart forkasta ved valet i 2005, kunne godkjennast, så ville kvar av desse stemmegivingane koste samfunnet kr 7 150. Vi har dessutan lita tru på at valkort ville medført at alle vraka stemmer ville kunne blitt godkjende, slik at kostnaden pr. godkjent stemme nok ville blitt enno høgre enn dette.

For å få fram faktiske tal, burde det vore innhenta oversikt over tal på vrakingar ved dei vala då valkort var obligatorisk og samanlikne desse med vrakingane i 2005. Vi trur dessverre ikkje at valkort vil medføre så stor reduksjon i talet på vraka stemmegivingar som departementet vona, eller auka valdeltaking.

Då valkort var obligatorisk, opplevde valstyret i vår kommune å få henvendelsar frå folk som hadde rota vekk valkorta sine og lurte på om vi kunne skaffe dei nye slik at dei kunne få stemme på valtinget. Vi veit at enkelte ikkje gjekk for å stemme fordi dei trudde dei ville bli avviste pga. manglande valkort. Det er difor mogleg at utsending av valkort også kan ha negativ påverknad på deltakinga.

Det er ikkje klart sagt, men slik vi les det, er det kommunane som må dekkje kostnaden ved utsending og produksjon av valkorta. Dei refusjonane/tilskota som kommunane får frå staten, dekkjer på langt nær dagens valkostnader. Vi finn det difor urimeleg å bli pålagt ytterlegare utgifter og meirarbeid utan at det er dokumentert ein gevinst/fordel som står i stil med kostnaden. Vi kan dessverre ikkje sjå at valkort vil gjere det, og vil på det sterkaste protestere mot at desse vert gjort obligatorisk utan at staten dekkjer kostnaden.

Adresse:
Postboks 280
6039 LANGEVÅG

Telefon:
Sentralbord: 70 19 91 00
Saksbeh: 70 19 19 07
Telefaks: 70 19 91 01

E-post:
postmottak@sula.kommune.no
Web:
www.sula.kommune.no

Bankgiro:
6545 05 10011
Skattekonto:
7855 05 15317

Foretaksnr.:
964 980 543

Dersom valkort likevel skulle bli obligatorisk, bør valkorta utsendast frå sentralt hald som før i ein samla operasjon, i staden for at kommunene kvar for seg skal bruke tid og ressurar på same oppgåva.

A 4: Forlenga frist for innkoming av førehandsstemmer.

Vår erfaring er at for seint innkomne førehandsstemmer skuldast at dei ikkje vert postlagde straks (i enkelte tilfelle ikkje før på valdagen), eller at dei er avgitt i utlandet for nær opp til valet til å kunne rekke fram i tide.

Ved å avslutte førehandsstemminga innanriks ein dag tidlegare enn før, vil ein også ha ein dag meir til framsending av stemmene. Dersom stemmemottakarane er påpasselege å sende frå seg stemmene på torsdag som A-post, så burde stemmene vere framkomne på valdagen. For å vere sikker, bør det lagast forskrifter med pålegg om rask sending og at stemmer mottatt torsdag skal sendast som spesialpost/ilpost e.l.

Tida omkring eit val er ein svært hektisk og stressande periode for oss valarbeidarane i kommunane, med valarbeidet i tillegg til vårt ordinære arbeid. Både vi, teljekorpsa og valstyret må vere til stades måndag kveld etter at vallokala stengjer for å ta seg av oppteljingsarbeidet. Særleg ved eit kommuneval med stikking av lister, kan dette ta heile natt til tysdag. Dersom vi skal vente på førehandsstemmer heilt til tysdag kveld kl. 20.00 (det har aldri kome ei einaste stemme inn til valstyra utanom ordinær postgang som kjem på føremiddagen), må dei valansvarlege og valstyret arbeide også utover tysdagskvelden. Dei siste stemmene skal teljast opp og stikkast før eit valoppgjær kan køyrast og protokollen gjerast ferdig. Dette kan ta si tid og er ei ekstra belastning for dei som deltar. Valstyret er privatpersonar i arbeid, og det seier seg sjølv at dersom du skal vere på valarbeid om natta, så maktar du ikkje ditt ordinære arbeid dagen etter. Departementet sitt forslag inneber difor ei stekt auka arbeidsbelastning både på kommunalt tilsette og politikarar og ekstra kostnad for kommunane i form av overtid, møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for valstyret.

I tillegg inneber forslaget at valoppgjæret vert ein dag forsinka, men det ser vi som eit mindre problem.

Det går ei grense for kor mykje kommunane kan bli pålagde av ekstraarbeid og utgifter for kanskje å "redde" nokre få førehandsstemmer. Vi meiner at departementet sitt forslag om å flytte fristen for innkoming av førehandsstemmer til tysdag kveld, langt overskrid denne grensa og at "gevinsten" på ingen måte står i stil med innsatsen. Det bør vere nok med den eine dagen ekstra framsendingstid som ein får ved å avslutte førehandsstemminga ein dag tidlegare og kanskje lage reglar for sending av førehandsstemmene.

Vi vil på det sterkaste protestere mot at fristen for innkoming av førehandsstemmer vert flytta til tysdag kveld.

A6. Førebels oppteljing skal gjerast manuelt.

Programvare og utstyr til elektronisk oppteljing er kostbart. Dersom ein må sortere og grovtelje stemmesetlane likevel, vil gevinsten ved elektronisk oppteljing verte heller liten. Vi trur heller ikkje at mindre kommunar finn å kunne ta kostnaden med "dobbel investering" for å gjere teljingane på to forskjellige system/skannarar.

For dei aller fleste kommunane vil departementet sitt forslag medføre at all oppteljing vil skje manuelt som før.

Ifølgje forslaget kan endeleg oppteljing gjerast ved hjelp av datautstyr etter at førebels teljing er gjort manuelt. Vi går då ut frå at ved kommuneval kan registrering og oppteljing av endringar på stemmesetlane gjennomførast på data i same operasjon som den endelege oppteljinga. Dette burde kanskje avklarast nærare i § 10-6.

Kommunane har i dag fullelektroniske arkiv, rekneskaps- og betalingssystem, personalsystem osv. som fungerer svært bra og nesten heilt utan feil. Departementet sin skepsis til å nytte tilsvarende programvare og utstyr til valg, kan difor verke noko urimeleg med den sikkerheita vi har i dagens datatidsalder. Faren for feil bør kunne kompenseras med ei godkjenning av programvare og utstyr, samt retningsliner for grundig testing/utprøving av desse.

Til det evt. vert godkjent at all oppteljing kan skje elektronisk på same utstyr, er vel manuell kontrollteljing nødvendig.

A7. Førebels oppteljing av førehandsstemmer kan starte søndag.

I vår kommune (og sikkert også dei fleste andre kommunar) brukar valstyrelseiar og sekretær å møtast laurdag føremiddag etter at siste post er komen for å registrere, godkjenne og krysse av desse førehandsstemmene i manntalet. Dersom det skal opnast for teljing av førehandsstemmer før valdagen, meiner vi det ville vere like greitt å kunne starte oppteljinga allereide laurdag når mange valmedarbeidarar likevel er på jobb.

Andre tema:

B1: Flytting av skjeringsdato.

Vi trur ikkje at flytting av skjeringsdatoen til 30. juni vil medføre særlege problem for utsending av valkort. Vi går ut frå at det vert utarbeidd eit utkast til manntal tidlegare, slik at vi kan registrere kandidatane og kontrollere dei mot manntalet, evt. at kommunane får tilgang til folkeregisteret via valprogramma. Dersom vi skal vente med dette til etter skjeringsdatoen, så vil det forseinke godkjenninga av lister, noko som igjen medfører store problem for trykkinga av stemmesetlar.


B2: Politiske meiningsmålingar.


Ingen merknad.

Sluttkommentar:

Vi har fortåing for departementet sitt ønskje om reglar for gjennomføring av val som medfører at flest mogleg av veljarane skal få høve til å avgi godkjent stemme og at dei føler seg sikre på at oppteljing og valoppgjær vert korrekt gjennomført. Med bakgrunn i det som er sagt ovanfor vil vi likevel oppmode departementet om å vurdere om forventa forbetringar verkeleg tilsvarer dei økonomiske og praktiske konsekvensane som forslaga inneber.

Med helsing


Ronny Blomvik
ørdførar/valstyrelseiar


Ragnhild Fiskerstrand
konsulent/valstyresekretær